

Retningslinjer for tilskot til mentor- og traineeordning

Føremål med tilskotsordninga:

Føremål med tilskotsordninga er å forbetre inkludering av fagutdanna og høgt kvalifiserte innvandrarakar i arbeidslivet, så dei kan bruke kvalifikasjonane sine.

Ein mentor – trainee relasjon omfattar i hovudsak to personar; mentoren, og den som skal få tilgang til mentoren sine erfaringar og kompetanse. Trainee har ulik nemning i ulike tradisjonar innan mentoring. Dette kan vera adept, deltakar, talent m.m.

Verksemder i privat eller offentleg sektor kan nytta tilskotsordninga til å etablere og gjennomføre eit mentor- og traineeprogram som styrkjer mangfaldet i bedrifta, slik at dei blir tilført ny kompetanse og nye erfaringar.

Søknadsfrist

15. mars 2020.

Kven kan søke?

- Kommunar/kommunale verksemder
- Verksemder og organisasjonar i private sektor
- Frivillige organisasjonar som er registrerte i Frivillighetsregisteret.

Søknad om tilskot kan sendast frå ei verksemd eller i samarbeid med fleire.

Kva kan ein få støtte til

Det kan søkjast om tilskot til etablering og gjennomføring av mentor- og traineeprosjekt med aktivitetar og tiltak, og nødvendig administrasjon av desse, inkludert prosjektleiing/medarbeidarar.

Støtte og finansiering

Søkjaren må bidra med eigenfinansiering i form av stillingsressursar, lokalitetar og eller andre driftskostnader. Desse må reknast om til kronebeløp i søknaden. Eventuell medfinansiering frå andre aktørar blir vurdert som positivt.

Vilkår

Søknaden skal innehalde føremål for og presentasjon av prosjektet eller tiltaket, korleis arbeidet er planlagt gjennomført og budsjett. Følgjande vilkår må såleis vere oppfylt:

- Ein prosjektplan som inneheld:
 - Målsetjing, grunngjeving og forventa resultat i forhold til føremålet med tilskotsordninga
 - Ein strategi for å rekruttera mentorer og trainee

- Milepæler
- Dokumenterte resultat frå tidlegare mentor- og traineordning
- Budsjett med eigenfinansiering og eventuelt andre finansieringskjelder.
- Omtale av verksemda sine hovudaktivitetar og korleis mentor- og traineordninga skal implementerast.
- Kompetanse hos søkjar for å gjennomføra prosjektet/tiltaket
- Tydeleggjere korleis ein vil evaluere resultata, både kvalitativ og kvantitativ.
- Søknaden skal underteiknast av leiar eller generalsekretær for verksemda/organisasjonen.

Vurdering

I vurdering av søknadene vert det særleg lagt vekt på gjennomføringsevne, inkludert tidlegare erfaring og resultat, samt samarbeid med andre. Søkjaren må synleggjera at ordninga ein søkjar støtte til i 2020 vil bli gjennomført i kalenderåret, og i kva grad ordninga har eit lengre tidsperspektiv og eventuelt er del av eit langsiktig utviklingsarbeid.

Vurderinga skjer på grunnlag av og i kva grad tiltaket kan bidra til å nå måla for ordninga, og i kva grad ein kan nå målgruppene for tilskotsordninga.

Søknader frå organisasjonar som sikrar deltaking av kvinnelege kandidatar vert prioritert.

Søknader frå organisasjonar som har eit klart mål om klimaendringar vil likevel bli prioritert. Med den strategien vil tilskotsordninga ha ein positiv effekt på klimaendringar.

Storleik og omfang treng ikkje vere avgjerande. Fagleg kvalitet og særleg grad av nyskaping m.m. kan ligge til grunn for at eit tiltak vert vurdert positivt.

Ein tilrår at søkjarar førehand gjer seg kjend med følgjande faglitteratur og at prosjektsøknader bygger på dette:

Internasjonal standard for mentorprogram utvikla av European Mentoring and Coaching Council (EMCC):

<http://www.ismcp.org/?url=eu/en/accreditation/ismcp>

Rettleing for mentorprogram utvikla av Likestillingssenteret:

<http://likestillingssenteret.no/mentoring/>

Finansiering:

Budsjett for prosjektet:

- Finansieringskjelder for prosjektet
- Eigenandel
- Eventuelle søknader (sum) til andre offentlege myndigheiter
- Eventuelt andre

Andre tilhøve

Søkjar skal ha ordna forhold med omsyn til skatte- og meirverdiavgiftsinnbetaling.

Dette skal dokumenterast ved at søkjar leverer inn «Attest for skatt og merverdiavgift». Attesten skal ikkje vere eldre enn 6 månadar ved søknadsfristen. Søkjar skal ha tilfredsstillande system

for HMT. Dette skal dokumenterast ved at leverandøren leverer inn HMT-eigenerklæring.

Verksemder skal legge ved godkjent årsrekneskap.

Vedtak

Vurderinga skal skje på grunnlag av og i kva grad tiltaket som får midlar kan bidra til å nå måla for ordninga, og i kva grad ein kan nå målgruppene for tilskotsordninga.

Forvaltningslova ligg til grunn for all søknadshandsaming i Vestland fylkeskommune. Alle søknader er i utgangspunktet offentleg tilgjengelege, jf. Forvaltningslova (Fvl.). Unntak gjeld personopplysningar. Desse vert unnateke offentlegheita jf. Fvl. §13. I særlege tilfelle kan utsett offentlegheit vurderast etter Fvl. Ta kontakt med sakshandsamar ved spørsmål.

Avdeling for Kultur, idrett og inkludering førebur søknadane for politisk handsaming og vedtak i Hovudutval for kultur, idrett og integrering. Kvar søknad er eit einskildvedtak og innstilling skal grunngjevast i saksframlegget.

Vedtak som fråvik frå fylkesrådmannen si innstilling skal også grunngjevast. Søknadene skal i hovudsak vere handsama innan fire ukar etter søknadsfrist.

Oppfølging og rapportering

Tiltaket skal gjennomførast på den måten og i det tidsrom som går fram av søknaden. Eventuelle vesentlege endringar i prosjektet må meldast skriftleg til sakshandsamar for vurdering og godkjenning.

Tilsegnsmottakar skal rapportere og sende inn rekneskap innan tre månader etter at tiltaket er gjennomført. Krav til rapportering blir sendt ut saman med eventuelt vedtak om støtte.

Dersom tilskotet ikkje kan nyttas til formålet, eller ikkje kan brukast innan tilskotsperioda, skal det betalst tilbake. Vilkår for eventuell tilbakebetaling skal framgå av tilskotsbrevet..

Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setje i verk kontroll med at midlar vert forvalta som føresett. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for sin kontroll.

Klage

Vedtak kan klagast på etter Forvaltningslova §28, som omhandlar klagerett for part eller anna person med rettsleg klageinteresse ved einskildvedtak. Søkjar kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen søkjar tok imot melding om vedtaket.

Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Ei klage må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Klagen vert sendt til Vestland fylkeskommune.

Kontaktperson

Shahnaz Amin Haq
Epost: shahnaz.amin.haaq@vlfk.no